

PROSEDYRE			
Kontrollkomiteen (KK) og Sogndal Fotball	Dok. nr.:		
	Versjon/Ikrafttr. Dato:	001	1 oktober 2025
	Utarbeidet av:	Knut Armand Iversen	
	Kontrollert av:	Karin Vikane	
	Godkjent av/dato:	Jan Rune Årøy	15.10.25

15

PROSEDYREEIGAR

Sogndal Fotball.

FØREMÅL

Sikre at informasjonsflyten mellom Styret Sogndal Fotball og KK er i samsvar til egne og overordna regelverk, sjå punkt 9.

OPPGÅVER

KK oppgave er å kontrollere at Sogndal Fotball ved Styret utfører sine oppgaver i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

BEHANDLING AV FØRESPURNADER

KK skal berre ta i mot førespurnader frå tilsette/tillitsvalte og organ i eige organisasjonsledd og organisasjonsleddet sine medlemmar i tilslutta organisasjonsledd. Handsaming av førespurnader skal vere i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

OMFANG

5.1 MÅLGRUPPE

KK medlemmar og Styret Sogndal Fotball ved Styreleiar.

5.2 GYLDIGHETSOMRÅDE

Organisatorisk område er Sogndal Fotball ved Styret, samt Årsmøte i Sogndal Fotball.

GRENSESITT

Sogndal Fotball sin til ein kvar tid oppnemnt revisor.

ANSVAR

Sogndal Fotball ved Styret, er ansvarleg for at gjennomføringa av denne prosedyren vert utført som beskrevet.

Overordna er Styreleiar gitt fullmakt til å sørge for at Kontrollkomiteen ved leiar mottek den informasjonen som er nødvendig for at KK skal kunne utføre sine oppgaver i samsvar til punkt 9.

FORKLARING AV PROSEDYREN

7.1 OPPGÅVER KK

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåver styret er tillagt etter organisasjonsleddets lov.

Kontrollutvalet skal føreleggja alle forslag til vedtak som skal handsamast på årsmøtet, og kan gi ei uttale til forslaga dersom utvalet finn det nødvendig.

Kontrollutvalet gir melding til årsmøtet. Meldinga skal innehalde ei forklaring av kontrollutvalet sitt arbeid i årsmøteperioden, samt utvalet sin konklusjon på om styret har utført dei oppgåver det er tillagt etter loven.

Av den grunn skal Kontrollutvalet ha tilgang til alle opplysningar, utgreiingar og dokument som utvalet ser på som nødvendig for å utføre sine oppgåver i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

INFORMASJONSUTVEKSLING

Det skal også avtalast ein plan med styret for løpande oversending av nødvendige dokument og protokollar. Styreleiar Sogndal Fotball og Leiar av KK kan avtale seg i mellom korleis informasjon skal oversendast KK, skriftleg eller munnleg. Leiar av KK informerer igjen andre medlemmar av KK. Styreleiar Sogndal Fotball skal, uavhengig av kva som elles er avtalt, informere leiar av KK om saker som kan vere relevant for KK sitt arbeid. Styrande for Informasjonsutvekslinga er «*felles veiledning for Kontrollutvalg i NIF*», punkt 9.2 i denne prosedyren.

INNSYN I DOKUMENT

Dersom KK mottek eller ber om innsyn i bestemte dokument, skal både Styret i Sogndal og Fotball og KK sørge for at det takast omsyn til konfidensialitet, taushetsplikt og personvern.

INNSYN I STYREPROTOKOLLAR

Styreprotokollar kan gjerast tilgjengeleg for medlemmane i KK etter avtale som forklart i punkt 7.2, informasjonsutveksling. KK har ikkje krav på å få innsyn i saksframlegg til styremøta i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

REVISJON OG ØKONOMIKONTROLL

KK skal ikkje utføre rekneskapskontroll, då Sogndal Fotball har engasjert revisor som utfører denne oppgåva. Økonomikontroll for KK vil i denne samanheng bestå i å kontrollere at rekneskapsførar og revisor får tilgang til det materiale dei treng for å utføre oppgåvene sine. Dette i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

SPESIELLE KRAV TIL MEDLEMMAR AV KK

8.1 TAUSHEITSERKLÆRING

KK sine medlemmar plikter å underteikne ei taushetserklæring før KK sitt arbeid i valperioden trer i kraft i samsvar til punkt 9 i denne prosedyren.

8.2 UTOVERING AV INFORMASJON OG TAUSHEITSPLIKT

KK har ikkje høve til å utlevere informasjon eller dokument til tredje partar. KK har

taushetsplikt, og kan ikkje vidareformidle opplysningar som kan skade Sogndal Fotball sine interesser.

8.3 PERSONVERN

Dersom informasjon eller dokument inneheld personopplysningar, skal dette berre delast med KK dersom det er nødvendig for at KK skal kunne utføre sine oppgåver.

REFERANSAR OG RELATERTE DOKUMENT

9.1 LOVER

Norges Idrettsforbund sine lover, § 2.12.

9.2 OVERORDNEDE DOKUMENTER:

Norges Idrettsforbund sin felles rettleiing for KK.

9.3 EGENPRODUSERTE DOKUMENTER:

Lov for Sogndal Idrettslag – Fotball.

Tausheitserklæring for Sogndal Idrettslag – Fotball